



Arkivnr: 2019/2617-2

Saksbehandlar: Petter Gullestad / Sigrid H Aardal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		28.03.2019

Uttale til høyringsforslag om endring av vedtekter for KS - representasjon til Fylkesmøter og Landsting

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har motteke høyringsforslag om endring av vedtekter for KS om representasjon til Landsting og fylkesmøter.

Høyringsfrist var opphæveleg satt til 27.03.2019, men Hordaland fylkeskommune har fått utsett frist til 29.03.2019. Forslaget til endring av vedtektene vert handsama på ekstraordinært Landsting 28.05.2019.

Med dagens modell har Hordaland fylkeskommune 4 representantar til Landstinget og 13 representantar til fylkesmøter. Sogn og Fjordane fylkeskommune har 3 representantar til Landstinget og 13 representantar til fylkesmøter. Høyringsforslaget inneber at nye Vestland vil få 8 representantar til Landstinget og 17 representantar til fylkesmøter.

Det går vidare fram av høyringsforslaget at hovedstyret i KS har vedteke at vedtektene om kontingent førebels ikkje vert endra.

Økonomi: Har liten betydning.

Klima: Har liten betydning.

Folkehelse: Har liten betydning.

Regional planstrategi: Har liten betydning.

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune er positive til forslaget om endring av vedtekter for representasjon i KS.
2. Hordaland fylkeskommune føreset at KS kjem attende med høyringsforslag om endringar av vedtektspunkt om kontingent.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Høring- Endring av vedtekter for KS – representasjon til Fylkesmøter og Landsting

Fylkesrådmannen, 27.03.2019

Endringar i kommune- og fylkeskommunestrukturen får konsekvensar for representasjon i KS landsting og fylkesmøter. Endringane i representasjon for dei kommunar og fylkeskommunar som slår seg sammen vil gje ei anna fordeling av representantar i fylkesmøta og av delegatar til Landstinget.

Neste ordinære landsting er i februar 2020. Dersom dette Landstinget skal fungera på ein representativ måte, må ny fordeling av delegatar vera gjort på førehånd. Det er viktig at Landstinget 2020 har eit representasjonsgrunnlag som er omforeint slik at dei vedtak som vert gjort der blir fullt ut akseptert i alle delar av organisasjonen og blandt medlemmane.

Det er lagt opp til eit ekstraordinært Landsting i mai i år, som skal behandle dei vedtektsendringar som er nødvendige for å sikra ny representasjonen både til Fylkesmøtene og Landstinget. Det vert og fremma eit forslag om å gje høve til å utvida talet på medlemmer i fylkesstyra når fleire fylker slå seg saman.

Ny modell for representasjon fra fylkeskommuner og kommuner til Landstinget.

Hovedstyret har innstilt på at talet på delegatar til landstinget bør beholdast omtrent på det nivå som det forrige landsting, dvs. 250-260 delegatar. Dette gjev eit balansert styrkeforhold mellom fylkeskommunar og kommunar. Forslaget innebær ei noko endra fordeling kommunane i mellom der mellomstore og store kommunar får noko sterkere representasjon. Dersom ein hadde nytta no gjeldande vedtekter på val av utsendingar til Landstinget 2020, ville Landstinget – på grunn av endingar i kommune- og fylkesstrukturen - blitt redusert frå 218 til 146. Ein anna konsekvens er at det vil bli svært liten forskjell i talet utsendingar mellom små og store fylker.

Ny modell for representasjon fra fylkeskommunane og kommunane til fylkesmøtet.

Føringar for ny modell:

- Alle kommunene skal være representert.
- Kortere intervaller utfra folketall gjenspeiler bedre varierende kommunestørrelse.
- Store kommuner og spesielt storbyene, får økt representasjonen.
- For fylkeskommunene starter antallet delegatar på 13, som er det samme antallet som alle fylkeskommunene har fast i dag. Ved økende innbyggertall øker representasjonen noe.
- For å få en mer rettferdig fordeling kommunene i mellom må det godtas at summen av kommunedeleger til fylkesmøtene øker.

Verknader for nye Vestland fylkeskommune.

Med dagens modell har Hordaland fylkeskommune 4 representantar til Landstinget og 13 representantar til fylkesmøter. Sogn og Fjordane fylkeskommune har 3 representantar til Landstinget og 13 representantar til fylkesmøter. Høyringsforslaget inneber at nye Vestland vil få 8 representantar til Landstinget og 17 representantar til fylkesmøter.

Verknaden av dei føreslegne vedtekstendringane er at utsendingar til Landstinget vert auka med ein representant, medan representantar til fylkesmøtet vert redusert. Grunnen til denne reduksjonen er at ein i dei tidlegare vedtektene hadde fast tal på 13 representantar frå kvart fylke. Forslaget som no er lagt fram startar på 13 medlemmer for inntil 300 000 innbyggjarar og aukar talet med 1 representant for kvar 100.000 innbyggjar.